

Program Flora Venstre 2015 – 2019.



VENSTRE
www.venstre.no/flora





Ideologien vår.

**Venstre er tufta på
sosialliberal ideologi,
som er ein
kombinasjon av
fridom for den
einskilde og ansvar
for kvarandre.**

Verdiar og lokaldemokrati

Det er viktig for Flora Venstre med ansvarleg økonomistyring og kamp for openheit. Venstre vil styrke bystyret si rolle som styringsorgan.

Venstre vart skipa i 1884 som ein kamporganisasjon for demokrati og mot embetsmannsstyret. Ein kamp som framleis er høgst aktuell. Partiet innførte parlamentarismen og kjempa fram allmenn stemmerett.

Flora Venstre er forkjemparen for eit levande lokaldemokrati. Makta skal komme frå kommunen sine innbyggjarar til dei som styrar. Offentlege prosessar skal vere

opne, ryddige og grundige. Målet må vere å styrke politikarane sitt ansvar for drifta av kommunen og unngå byråkratistyre og rådmannsvelde

Flora Kommune skal styrast etter opne og inkluderande prinsipp. Lukka møte i folkevalde organ må berre finne stad unntaksvis når personvernomsyn tilseier dette. Alle godtgjersler til politikarar skal være offentlege. Det gjelder også verv og styrehonorar som ein har som Flora Kommune sin representant.

Overskriding av kommunale budsjett er både eit økonomisk og eit demokratisk problem. All kommunal pengebruk må difor vere innanfor ansvarlege budsjetttrammer. Venstre vil berre stemme for budsjettframlegg som er ansvarlege og sikrar kommunen tilstrekkeleg overskot til å ha ein forsvarleg økonomistyring.

Venstre vil vurdere private tilbydarar som eit supplement til gode kommunale tenester i den utstrekning dette kan gje betre og billigare tilbod. Det viktigaste er kvaliteten på tilbodet, ikkje kven som leverar dette.

Venstre er prinsipielt imot eigedomsskatt, og ønskjer å redusere denne om kommuneøkonomien tillèt det. Mulege endringar på bakgrunn av endra økonomisk situasjon bør først og fremst komme privatpersonar/næringslivet til gode.

Flora kommune har eit mangfald av engasjert ungdom. For å styrke dette engasjementet vil Flora Venstre jobbe for å styrke ungdommens bystyre. Venstre er for at dei skal ha møte- og talerett i alle

relevante kommunale organ, også formannskapet.

Flora Venstre vil ønskje kommunesamanslåingar velkommen dersom dette kan gje betre kommunale tenester og bidra til sterkare fagmiljø i kommunane. I prosessen må Florø sentrum sin eigenart som bysentrum og kystby bevarast. Venstre vil styrkje Flora sin posisjon i fylket. Flora Venstre vil uavhengig av kommunestruktur etablere ein kystallianse med fokus på felles samfunns- og næringsutvikling for kommunane på kysten.

Venstre vil arbeide for eit varmare og meir inkluderande samfunn. Vi vil rette eit større fokus på innvandrarbefolkninga i kommunen og betre integreringsarbeidet.

Flora Venstre vil:

- Arbeide for god økonomistyring og budsjettbalanse
- Vere ein garantist for openheit i kommuneforvaltninga
- Etablere kystallianse
- At kommunen si årsmelding må på ein lett tilgjengeleg måte presenterast for innbyggjarane
- Stille etiske krav i offentlege innkjøp

**Kommunen treng
ei liberal leiging
for å ivareta
disse omsyna.**

Kunnskap og like mulegheiter.

Venstre ønskjer ein skule for kunnskap og like mulegheiter. Kunnskap og kompetanse er grunnleggjande for å vidareutvikle samfunnet vårt i positiv lei.

Skule, skulefritidsordning og barnehagar må vere med på å sikre barn trygge og stimulerande oppvekstvilkår og lære dei å ta omsyn til miljøet.

Ei god vaksenoppfølging er avgjerande for ein god barnehage-sektor. Det er difor naudsynt å sikre gode rammevilkår for både private og kommunale barnehagar, og auke bemanninga i barnehagen slik at det blir fleire vaksne per barn.

Flora Venstre vil halde på eksisterande skulestruktur og vere garantistar for at dei tre siste grendaskulane vert oppretthaldne så lenge elevtalet er på eit pedagogisk forsvarleg nivå.

Venstre vil at kommunen skal samarbeide med Flora vidaregåande skule for å sikre eit breitt og godt tilbod for dei unge. Vi vil arbeide for fleire studietilbod på høgskulenivå.

Flora kommune skal vere ei god lærlingplass og ta inn minimum 15 lærlingar årleg innan aktuelle fagområde for kommunen. Det bør arrangerast felles samlingar for lærlingane der ein kan tilby fagleg innhald, samt inspirasjon og

motivasjon. Dette for at lærlingane skal bli verande i bedriftene og kommunen.

Flora Venstre vil

- Sikre at skulefritidsordninga har kvalifisert og stabil bemanning
- Betre vilkåra for etterutdanning av fagpersonell både i skule og barnehage
- Betre kontakten mellom næringsliv og skule
- Ta vare på mangfaldet i barnehagetilbodet og sikre full barnehagedekning
- Sikre søsken plass i same barnehage, og at barn i størst mogleg grad skal ha barnehageplass nær der dei bur
- Legge tilrette for eiga helsesystem ved kvar av dei store skulane
- Ha eigen vaktmester ved kvar av dei store skulane
- Styrke symjeopplæringa i alle aldersgrupper
- Styrke PPT og lokalisere denne tenesta på skulane
- At kommunen ska ta inn minimum 15 lærlingar årleg
- Arbeide for fleire studietilbod på høgskulenivå



Foto: Truls Kleiven.

Sosialt ansvar.

Flora Venstre vil jobbe for dei som treng det mest. Ein god kommune blir målt på korleis dei svake og pleietrengande har det. I pleie- og omsorgstenesta vil vi fokusere på kvalitet, bemanning og aktivitet.

Helse og omsorg

Kjernen i Venstre sin helse- og omsorgspolitik er at fleire oppgåver må løysast nærare den einskilde brukar. Det krev ei omfordeling av fagfolk og ressursar frå statleg spesialisthelseteneste til kommunane, slik at desse vert sett i stand til å løyse nye oppgåver.

Venstre vil ha eit godt, styrka og desentralisert tilbod innan psykiatri, geriatri, rusomsorg, rehabilitering og for kronisk sjuke.

Venstre vil at Flora kommune skal vere proaktiv i høve til å sikre helse-tenester som er skissert i sam-handlingsreforma på eit lokalt nivå. Flora Venstre vil arbeide for å utvikle både offentleg og privat spesialist-

helseteneste i kommunen, og for at frivillige og kommersielle kan overta tenester som statsråden har bestemt skal vere i Florø, men som Helse Førde ikkje leverer. Vi vil og arbeide for at det vert gitt fleire spesialistlege heimlar i Florø.

Barnevern

Venstre vil styrke barneverns-tenesta m.a. gjennom auka satsing på førebyggjande tiltak og ha ei teneste som er ute i skuler og barnehagar.

Pleie- og omsorgstenesta

For venstre er ei verdig omsorgsteneste for eldre og pleietrengande ei heilt grunnleggjande oppgåve.

Venstre vil sette pasientane i sentrum, og sjå til at deira rettar vert følgd opp.

Venstre ønskjer «ein lettare kvardag» for dei tilsette med betre fysisk tilrettelegging gjennom større bruk av velferdsteknologi.

Det er og viktig å halde fram satsinga på kompetanse, særskilt innan kreftbehandling, psykisk sjukdom, rehabilitering og geriatri.

**Varm velferd
når du
treng det.**

Flora Venstre vil

- behalde døgnopen legevakt og jordmorteneste i Flora
- at ultralydsundersøkingar skal kunne gjennomførast i Flora
- styrke helsestasjonen
- gjenopprette barnevernsvakta
- styrke og vidareutvikle dagtilbod for eldre i sentrum
- ha fokus på aktivitetstilbodet til eldre i samarbeid med frivillige organisasjonar
- ha fleire heildøgnsbemanna bustader slik at dei som treng det skal få plass
- styrke kompetansen i omsorgs-sektoren og auke grunnbemanninga på pressa område
- ha fleire sjukeheimplassar
- ha auka kvalitet og kompetanse på arbeidet innan rus, psykisk sjukdom og rehabilitering
- skape moglegheit for eigen bustad for tidlegare rusavhengige
- auke talet på faglærte, særskilt i PU-tenesta
- styrke avlastingstilbodet til barn og unge som treng det
- at rehabiliteringstilbodet til kronisk sjuke vert styrka og vidareutvikla



Eit klimavennleg samfunn.

Med sin unike natur, der den strekker seg frå bre til hav og sin desentraliserte busetnad, har kommunen vår kvalitetar som Flora Venstre er oppteken av å ta vare på.

Miljø og byutvikling

Som kommune må vi ta innover oss at vi står overfor store endringar i klima og miljø, og det ansvaret vi har for å ta vare på miljøet og naturmangfaldet. Flora Venstre er ein garantist for at dei flotte grøntområda på Florølandet ikkje blir vidare nedbygt, men blir tatt vare på. Turstiene over Storeåsen og Lilleåsen er viktige for folkehelsa og er mykje nytta heile året til stor glede for innbygarane.

Vi har eit ansvar for å ta vare på både fauna og flora, difor vil Venstre gå imot inngrep der truga plantar og dyr har sine leveområder. Venstre vil ta vare på grøne lunger i sentrum, og meiner at kommunen

må ha ein ansvarleg bygartnar slik at områda blir stelte på ein forsvarleg måte.

Nye etableringar i kommunen, t.d. barnehagar, bustader, arbeids-plassar, skular og tilkomst til kommunale kontor må planleggast slik at biltransport kan reduserast til eit minimum. Venstre set menneske i sentrum, ikkje bilar, vegar og parkeringsplassar.

Florø sentrum skal vidareutviklast til eit berekraftig hjarte i byen i lag med grunneigarane. Skal Florø sentrum og Strandgata vinne tilbake sin plass som byen sitt pulserande hjarte, må bykjerna bli brukt. Flora Venstre vil gjennom aktiv politikk sørgje for at nærings- liv og offentlege tenester skal vere lokalisert i sentrum av byen.

Flora Venstre vil

- at kommunen skal dele ut ein årleg miljøpris for å setje fokus på bedrifter, organisasjonar eller enkeltpersonar som gjer ein innsats for miljøet
- at Fram Flora skal ha ekstra fokus på grøne gründerar
- sikre at grøntområda, som td. Lilleåsen, Storeåsen og Nordnes ikkje blir ytterlegare nedbygde
- vedlikehalde turstiar
- gje støtte og leggje til rette for plussbus av alle størrelsar
- vidareutvikle miljøstasjonen
- at Fram Flora og kommunen jobbar saman med huseigarar med å fylla nedlagde/tomme næringslokale med nytt liv for auka liv i gata
- ha overbygde fortau i Strandgata og sentrale byrom
- jobbe for å innføre gågate kvar laurdag i sommarsesongen og nokre dagar i julehandelen
- leggje til rette for auka bruk av torget og byparken
- leggje til rette for gode uteplassar og møteplassar i byområdet, t.d. med fleire benkar
- at miljøperspektivet skal vektleggast i all kommunal plan- legging og forvaltning og ved kommunale innkjøp
- satse på Byen vår Florø og deira arbeid både for handelsstanden og omdømmebygging
- leggje til rette for bruk av elbil i sentrumsområdet
- kommunen skal ha tenestebilar med minimalt utslepp av CO₂
- fullføre gang- og sykkelveg mellom Gunhildvågen og Brandsøya
- arbeide for å få auka kommunika- sjonar med kommunane nord og sør for Flora
- at kommunen skal styrke og vidareføre ENØK-tiltak i alle kommunale bygg
- sette klare krav til bruk av miljø- vennlege materiale og løysingar i alle nye kommunale bygg. Dei same krava skal og gjelde rehabilitering
- at kraftlinjer og trafostasjonar må leggast på ein slik måte at dei gjev minimal belastning på bumiljø og naturmiljø
- sette fokus på Flora kommune sitt samfunnsansvar gjennom Fairtrade, Transparency inter- national og Miljøfyrtårnordninga.
- etablere fleksible parkerings- løysingar i sentrum

Kultur og ungdom.



Flora kommune har eit variert, aktivt og levande kulturliv, noko som er ein avgjerande faktor for å ha ein levande by. Venstre ønskjer å legge til rette for frivillige som gir aktivitets-tilbod eller arrangerer opplevingar til glede for alle.

Ungdom må få høve til å vere med på å bestemme form og innhald i aktivitetar og fritidstilbod. Ungdommens Bystyre vil vere sentrale i slike prosessar. Venstre ser det som viktig å ha tilbod til ungdom som er eldre enn Haffen si målgruppe.

Flora Venstre ønskjer å styrke samfunnshuset som samlingspunkt t.d. med eit meir attraktivt bibliotek med lenger opningsider. Av omsyn til både ungdommen og kulturlivet er det viktig å styrke kulturskulen og støtte opp om korpsmiljøa i kommunen.

Ha ekstra fokus på og innsats for at innvandrarungdom skal sikrast kulturaktivitetar.

Flora Venstre vil

- ha leikepark, stellerom og sanitærfasilitetar i sentrum
- ha konkrete førebyggjande tiltak retta mot ungdom og rus, og auke samarbeidet med skulane i samband med dette
- ha eit rusfritt ungdomstilbod skal vere ein del av alle kultur- og idrettsprosjekt kommunen gir støtte til
- gi frivillige lag og organisasjonar betre vilkår
- styrke arenaer der born og unge kan møtast utan krav til organisert aktivitet
- vidareutvikle folkeparken på Sørstrand
- ta vare kulturminne og historiske eigedomar
- starte opp arbeidet med veg til Kystmuseet
- ta nedlagte grendaskuler i bruk
- vidareutvikle motorsportanlegget på Grov

Stimulerande politikk for lokalt næringsliv.

Flora kommune er avhengig av eit sterkt og utviklande næringsliv. For at kommunen skal vekse må også det skje vekst i tal arbeidsplassar. Flora Venstre vil føre ein utviklande og god næringspolitikk som skal føre til vekst i nye og eksisterande næringar.

Flora Venstre vil

- samarbeide for Grøn vekst i Flora kommune
- vidareutvikle beredskapsbyen Florø
- ha utvikling av sterke næringsklynger
- satse på Fram Flora som kommunen sitt næringsapparat
- at kommunen må stimulere leverandører til innovasjon gjennom innkjøp
- syte for at næringslivet kan halde seg til gode arealplanar
- arbeide for å utvikle fleire høgskuletilbod i Florø
- oppretthalde kommunikasjonen og rutetilbodet

Flora kommune sitt næringsarbeid skal i hovudsak gjennomførast gjennom Fram Flora. Forvaltning av kommunen sitt næringsfond skal vidareførast slik det er i dag. Unge vaksne (under 35 år) skal vere ein prioritert målgruppe.

Det offentlege er ein stor kunde med stor innkjøparmakt. Kommunen må i større grad tenke næringsutvikling i offentlege innkjøp. Ved krevjande innkjøp må kommunen legge til rette for dialogprosesser tidleg i innkjøpsprosessen som kan utvikle og utfordre leverandørane, samtidig som kommunen oppnår det beste resultatet for innkjøpet.

Flora kommune må sørgje for gode og oppdaterte reguleringsplanar med spesielt fokus på næringsareal. Kommunen bør legge til rette for at fleire bedrifter kan samlokalisere i næringsbygg. Dette for å få auka samhandling og samarbeid og for å nytte stordriftsfordelar i eit felles bygg. Næringsapparatet til kommunen, Fram Flora AS, må vere god på rettleiing av etablerarar og gründerar og ha inkubatorareal til dei gode og krevjande ideane. Flora Venstre vil jobbe for at næringslivskontakten på dei vidaregåande skulane skal behaldast. Det er viktig å tidleg syne ungdommen at det er muleg å starte eigen bedrift i eigen kommune, difor er det viktig at arbeidet med Ungt Entreprenørskap blir satsa på.

Sidan 70-talet har talet arbeidsplassar innan KIFT – Kunnskapsintensiv forretningsmessig tenesteyting – 10 dobla seg. I fylket og Flora kommune har ein ikkje sett same utvikling. Dette er ei viktig næring som bør få eit spesielt fokus gjennom næringsapparatet og næringsfondet.

Kommunikasjon og infrastruktur er særskild viktig for små kommunar som Flora. Flytilbodet må oppretthaldast slik som det er i dag, spesielt med dagens frekvens på avgangar til Oslo og Bergen. Eit godt rutetilbod er livsnerven for utvikling og vekst i vårt arbeid med å ta heile kommunen i bruk. Flora Venstre vil arbeide for å halde på dagens rutetilbod til øyane og samtidig søke å få til tilbod som kan knytte kystkommunane tettare saman for å utvida vårt bu- og arbeidsområde.

Breiband og fiber er viktig infrastruktur for bedrifter og innbyggjarar. Ein må framleis presse på statlege hald for å få til eit spleiselag for å bygge ut breiband i dei område det ikkje lar seg gjere på kommersielt vis.

Arbeid er viktig for alle menneskjer. Ein må arbeide for at alle skal vere i aktivitet, også dei som mottar stønad. Det må løne seg å jobbe. Satsinga Snu i Døra må vidareførast. Det må vere eit spesielt fokus på ungdom som det er fare for skal falle ut av skulen eller som ikkje har klart å fullføre utdanning.

Florø er viktig som beredskapsby. Bruke eksisterande kompetanse til å vidareutvikle og styrke vår stilling som leiande innan beredskap.

Flora kommune vil arbeide for eit berekraftig og effektivt landbruk i tråd med Venstre sin politikk. Venstre vil vere restriktive i forhold till nedbygging av matjord.

Flora Kommune har grunnlag for ytterlegare vekst i næringar som fiskeri og havbruk. Potensialet er stort. Fangstinntekter fiskeri pr år er omlag 145 mill. og havbruk omlag 570 mill.

Næringa i dag har konkurransedyktige arbeidsplassar noko som også må vere eit hovudmål. I dette arbeidet er lærlingplassar viktig – noko som Flora Venstre vil arbeide for. Kommunen må også vere med å legge til rette for ein god infrastruktur. Arbeidet med kystsoneplanen må følgjast opp.

Flora Venstre vil ha ein differensiert flåtestruktur som også sikrar kystflåten. Deltakarlova med ein fiskareigd flåte er med å skapar sysselsetting og busetnad i vår kystkommune. Flora Venstre vil åtvare mot endringar i lova.




1. Jan Henrik Nygård
1961, Florø



2. Marit Gjerstad
1978, Florø



3. Halvor Halvorsen
1964, Florø



4. Torgunn Eikevik
1975, Stavøya



5. Jan Arve Midtbø
1959, Nordalsfjord

Kandidater Flora Venstre.

6. Ronny Cassells	1972	Florø
7. Terje Kjerpeset	1980	Florø
8. Rune Nilsen	1955	Barekstad
9. Hilde Amundsen	1977	Florø
10. Bente Bjerck Hamn	1969	Eikefjord
11. Rune Holsen Nygård	1997	Florø
12. Runar-Andre Nilsen	1978	Florø/Barekstad
13. Johnny Dag Jacobsen	1953	Eikefjord
14. Gunhild Bjelland	1942	Batalden
15. Halvard Lunde	1972	Svanøy
16. Trond Heimseth	1971	Eikefjord
17. Espen Lothe	1973	Florø
18. Brit Madsen	1949	Florø
19. Kolbjørn Løken	1933	Grov/Eikefjord
20. Kjell Høyvik	1942	Barekstad
21. Jan Tore Vig	1983	Furesund
22. Øyvind Færøyvik	1977	Florø
23. Imke Schuren	1956	Florø
24. Odd Øverøyen	1940	Stavang
25. Bjørg Mikalsen	1945	Florø
26. Jon Leonard Fjærtøft	1943	Florø

VENSTRE
Folk først.

